

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref: 201102591

Vår ref: 11/2023-2/NORE

Oslo, 17.08.2011

HØYRING AV NOU 2011:6 - ET ÅPNERE FORSKNINGSSYSTEM

Vi viser til høringsbrevet av 30. mai kor Kunnskapsdepartementet ber om våre innspel.

UDI sin aktivitet på forskingsfeltet er i all hovudsak oppdragsforskning, og utgreiinga tek i svært liten grad føre seg dette. Vi håpar de finn plass til også denne delen av forskingsfinansieringa når det skal arbeidast fram mot den nye meldinga i 2013. For enkelte felt, som vårt eige, har oppdragsforskning ein betydeleg rolle å spele når det gjeld å bygge forskingsmiljø kor slike ikkje eksisterer frå før eller er små og spreidte.

Når det gjeld etableringa av eit indikatorsystem, er vi glade for at ein ønskjer å kunne fange opp bruk av forskingsresultat i mellom anna politikk- og forvaltningsutvikling, slik det vert antyda i punkt 4.3.1. Under dette punktet vil vi også understreke at det er viktig at ein lagar eit vurderingssystem som ikkje straffar enkeltforskarar eller institusjonar som tar forskingsoppdrag som vert lyste ut frå forvaltninga si side. Det er viktig at forskningssystemet gir insentiv til at dei dyktigaste forskarane bidrar til ei open og kunnskapsbasert utvikling av politikk og forvaltning.

Vi ønskjer Kunnskapsdepartementet lukke til med det vidare arbeidet.

Med helsing


Ida Børresen
direktør


Frode Mortensen
avdelingsdirektør

Kopi: Justis- og politidepartementet